

## Svar på spørsmål frå Helle (AP) - Status vegen Ålfoten - Davik - Rugsund, fylkesveg 616 - SAMO 27.04

Arve Helle har i e-post av 22.04.2021 stilt følgjande spørsmål:

«Bremanger kommune har ved fleire høve spelt inn ønske om tiltak på strekninga Ålfoten-Davik - Rugsund på fylkesveg 616. Strekninga har vore rasutsett over mange år og i periodar har vegen vore stengd pga av rasfare. Mellom 1996 og 2012 gjekk det om lag 50 skred på strekninga frå Dombestein til Davik, tilsvarande i underkant av 3 i året. Det har ikkje blitt færre ras med åra. I februar-mars dette året har vegen vore stengd på dagtid i korte perioder og på natt over ei lengre periode pga steinras mellom Dombestein og Isane. Frå kommunen si side har det vore ønske om både rassikring og sikring med rekkverk. Kva er status for denne vegen pr no?»

Svar:

Det er registrert to skredpunkt på strekninga fv. 616, eit på Lågeide og eit på Davik-Dombestein i [Skredsikringsbehov for riks- og fylkevegar \(3.12.2019\)](#). Begge har middels skredfaktor, på høvesvis 3,4 og 3,2. Strekninga er difor lågt prioritert for større tiltak samanlikna med andre strekningar.

Det gjekk eit steinsprang ved Isane 22. februar 2021. Dette vart rydda utan lang stenging.

26. februar 2021 gjekk det eit nytt steinsprang på same staden og vegen var heilt stengt til to geologar var på plassen søndag 28.februar. Vegen vart då opna på dagtid og stengt på natt. Det vart funne ustabile parti som måtte sikrast så snart som mogeleg. 4. mars 2021 var entreprenør på plass for reinsk av lausmassar. Dei fekk ned det mest kritiske slik at vegen kunne opnast også om natta. Det skal utførast sikring med nett, og nokre blokker vil bli sikra med bolting. Dette arbeidet vert starta i mai. Vi reknar då med styrt trafikkavvikling i ca. ei veke.

Vi er kjent med at rekkverket på strekninga er lågt og dårleg. Denne strekninga vert vurdert opp mot andre strekningar. Det er ikkje planlagt å setje opp nytt rekkverk her i år.